



Sjekkliste for eigenrevisjon



## 12 HEST I NÆRING

© Matmerk  
Versjon 2020.5

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 12.1 HESTEHALD OG STALLDRIFT

### 12.1.1 Har du meldt frå til Mattilsynet eller søkt om løyve til å halde hestar?

Registreringsskjema for registreringspliktig hestehald og søknad om løyve finn du på **mattilsynet.no**. Kva slags hestehald ein må registrere, er fastsett i § 26 i *forskrift om hestevelferd*, medan kva slags hestehald som krev løyve, er fastsett i § 28 i den same forskrifta. Dei to paragrafane lyder slik:

#### § 26. *Melding om hestehold og bygninger til oppstalling av hest*

Enhver som vil holde flere enn 10 hester, skal på forhånd gi Mattilsynet melding om dette. Meldeplikten gjelder ikke etablering av hestehold som må ha tillatelse etter § 28.

#### § 28. *Tillatelse*

Den som skal drive hestesenter, omsetning av flere enn 6 hester i året, treningsstall eller hestepensjonat, skal søke Mattilsynet om tillatelse. Tillatelsen skal henges opp på et lett synlig sted i stallen.

Meir informasjon finn du på **mattilsynet.no**. Her finn du også ei god rettleiing for utfylling av skjemaet.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.2 Er transportmidla verksemda eig eller bruker, godkjende for dyretransport?

Hengarar og dyretransportar skal godkjennast kvart tredje år av Biltilsynet (dette kjem i tillegg til den årlege kontrollen av lastebilar, og kontrollen av personbilar annakvart år). Transportmiddel som blir brukte til lange reiser, skal vere godkjende av Mattilsynet.

### 12.1.3 Har sjåførar som transporterer hest i næring for verksemda, kompetansebevis for transport av hest?

Viss verksemda di transporterer hest som ein del av næringsverksemda, så skal sjåførane ha kurs og kompetansebevis for transport av hest. Verksemda skal også vere godkjend av Mattilsynet som dyretransportør. Dette er likevel ikkje eit krav dersom du transporterer egne hestar til travløp eller stemne.

### 12.1.4 Har du eit oppslag på staden som gjev ein presentasjon av verksemda?

God informasjon til besøkjande og kundar er ein viktig del av bransjestandarden. Du bør ha ein informasjonsplakat plassert ein stad der han er lett synleg. Teksten skal vere skriven spesielt for brukarane.

*Ein presentasjon av verksemda bør som ein minimum innehalde dette:*

- kontaktinformasjon
- kort historikk
- vilkår for brukarar
- forsikringar som verksemda har
- kva forsikringar kunden bør teikne sjølv

### 12.1.5 Held du god orden på inne- og uteområde?

Verksemder som er med i bransjestandarden, bør vise seg fram på best mogleg måte. Rot og uorden kan skade omdømmet til verksemda. I tillegg kan det vere ein sikkerheitsrisiko. Dette er eit viktig punkt som blir vektlagt under KSL-revisjonen. Det å halde god orden fell naturleg inn under det systematiske HMS-arbeidet du gjer på stallen.

### 12.1.6 Har stallen ein god plan for parkering av køyretøy og sykklar for både besøkjande og tilsette?

Parkering for tilsette og besøkjande bør du ha på stader som er oppmerkte, og så langt det er råd, skal dei vere åtskilde frå stader der det er hesteaktivitet. Du bør ha eigne stader for parkering av sykklar.

### 12.1.7 Sørger du for at det blir godt nok brøyt og strødd?

God brøyting og strøing er viktig for at besøkjande og tilsette skal trivast på stallen.

### 12.1.8 Har stallen eigne rideveggar og/eller køyvegar til og frå treningsområde?

Så langt det lèt seg gjere, bør du sørge for at hesteaktivitetar blir haldne åtskilde frå annan trafikk.

### 12.1.9 Er det godt underlag i luftegardar og på stader der hestane blir trent og mosjonerte?

Eit godt underlag er viktig for at hestane skal ha det bra. Stadene der hestane oppheld seg, skal ikkje kunne gå ut over helsa eller trivselen deira. Dette går fram av *forskrift om hestevelferd* § 16, som mellom anna har denne føresegna:

«Luffegårder, beiter, gjerder og porter, skrittemaskiner, ridebaner, ridehaller, treningsbaner og lignende skal være egnet til formålet og skal etterses og vedlikeholdes på en slik måte at hestene ikke kan påføres skader og lidelser.»

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.10 Har du ein plan for vedlikehald av inne- og uteområde?

Viss du legg langsiktige planar for drift og vedlikehald, får bygget eller anlegget ditt lengre levetid, og vedlikehaldskostnadene blir meir føreseielege. I planane må du leggje vekt på sikkerheit og dyrevelferd.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 12.1.11 Tek du omsyn til estetiske og miljømessige tilhøve når du lagrar gjødsel?

Korleis du skal oppbevare og lagre gjødsel, er regulert av forskrifter.

#### Gjødselhaug

Du kan ikkje ha ein permanent gjødselhaug. Ein permanent gjødselhaug blir rekna som deponi og krev at du søker om eit eige løyve frå kommunen.

#### Utgjødsling og lagring av gjødsel

Du må sørge for at utgjødsling og lagring av gjødsel går føre seg på ein hygienisk og helsemessig forsvarleg måte. Dette står i *forskrift om hestevelferd* § 20.

#### Gjødselvare med meir enn 25 prosent tørrstoff

Har du gjødselvare som inneheld meir enn 25 prosent tørrstoff, og som blir omdanna i løpet av lagringsperioden, kan du lagre henne rett på marka. Haugar med slik gjødsel skal skjermast mot overflatevatn. Kommunen kan stille krav om at det også skal skjermast mot nedbør. Desse føresegnene står i *forskrift om organisk gjødsel* § 19.

#### Utandørs drift

Har du utandørs drift, må du innrette henne slik at det er enkelt å fjerne gjødsel frå fôringsplassar, kvileplassar og eventuelle trafikkareal mellom dei. Væskeoverskot må du samle opp og lagre dersom det kan medføre fare for forureining. Desse føresegnene står også i *forskrift om organisk gjødsel* § 19.

#### Den estetiske sida ved å lagre gjødsel

Den estetiske sida ved det å lagre gjødsel er regulert av Bransjestandard Hest. Bransjen vil at gjødsla skal lagrast på ein måte som ikkje er skjemmande reint estetisk.

### 12.1.12 Er stallen eller anlegget utforma og innreidd slik at hestane ikkje kjem i fare for å bli påførte, eller påføre seg sjølve, skade?

#### Stallen

Du må sørge for at stallen eller anlegget ditt er utforma og innreidd slik at hestane ikkje kjem i fare for å bli skadde eller for å skade seg sjølve. Stallen skal vere bygd av solide materiale.

#### Andre lokale og anlegg der hestane ferdast

Luffegardar, beite, gjerde og portar, skrittemaskiner, ridebaner, ridehallar, treningsbaner og liknande skal vere eigna til føremålet og skal ettersjåast og vedlikehaldast på ein slik måte at hestane ikkje kan påførast skadar og lidingar.

#### Gjerde

Gjerde må du kontrollere dagleg. Det gjeld eigne krav for korleis du skal kontrollere straumgjerde vinterstid.

Desse føresegnene byggjer på *forskrift om hestevelferd* §§ 7 og 16.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.13 Har du gode rutinar for kontroll og bruk av hesten?

Har du ein stor stall med fleire tilsette, bør dagleg mosjon/trening skrivast opp for kvar hest, med eventuelle merknader. Dette kan gjerast på ei tavle i stallen eller i ei eiga bok.

### 12.1.14 Blir det laga individuelle fôrplanar til hestane?

Stallen din må ha gode rutinar for å sikre at hestane får individuelt tilpassa fôring.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 12.1.15 Har du gode rutinar for individuell oppfølging av hestane?

#### Lovverket stiller krav til tilsyn med og stell av hestar

Kva slag tilsyn og stell hestar har krav på etter lovverket, er nedfelt i *forskrift om hestevelferd* § 17. Slik lyder heile paragrafen:

«Alle hester skal ha nødvendig tilsyn. Alle oppstallede hester, hester på utegang og på innmarksbeite skal ha tilsyn minst én gang daglig. Hester på utmarksbeite i sommerhalvåret skal ha tilsyn etter behov og minst én gang per uke. Hester som er nyfødte, sjuke, skadde eller opptrer unormalt, skal ha tilsyn flere ganger daglig. Kravet om hyppigere tilsyn gjelder også for høyt drektige hopper, og særskilt i tiden omkring fødsel. Hestene skal gis nødvendig stell og holdes rene. Hestene skal ha hovpleie etter behov.»

#### Hestane skal ha pass og helsekort

Du må ha pass og helsekort til alle hestane dine. Passet og helsekortet skal oppbevarast på ein eigna stad. På helsekortet skal du føre all legemiddelbruk. Har du mistanke om at det har brote ut ein smittsam sjukdom blant dyra, skal du melde frå til veterinær eller Mattilsynet. Skal du bruke legemiddel, må det skje etter råd frå veterinæren. Dersom ein hest til dømes skal konkurrere eller slaktast, skal du gje beskjed til veterinæren som behandlar dyra.

#### Du må ha eit mappesystem med opplysningar om hestane

Du må ha eit mappesystem med opplysningar om alle hestane de disponerer. Det skal først individuelle lister over hestane som viser når dei har fått makk-kur, munnholeinspeksjon og vaksinar. Andre opplysningar om hesten som det er naturleg å skrive ned, skal også stå her. Har du ein større stall, må du ha gode system og rutinar for individuell oppfølging av hestane. Ein må vere ekstra påpasseleg når det gjeld hestar som er sjuke, skadde eller under behandling. Nokre løyser dette ved å ha eigne lister i stallen som dei tilsette må sjekke regelmessig. God kommunikasjon er stikkordet her.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.16 Er fôret oppbevart på ein hygienisk og sikker måte?

Du må ha ein stad der du kan oppbevare fôr på ein hygienisk og forsvarleg måte. Fôret må vere verna mot skadedyr og fuglar, og kraftfôr må vere sikra slik at hestar ikkje kan kome til det. Desse føresegnene står i *forskrift om hestevelferd* § 7.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.17 Er det godt reinhald i stallen?

Du må ha godt reinhald i stallen, og utgjødsling skal skje kvar dag. Kravet om dagleg utgjødsling gjeld likevel ikkje for liggjeareal med talle. Du må bruke nok strø til å halde hestane tørre og reine, isolere dei mot varmetap og hindre at dei utviklar sår og skadar på grunn av underlaget. Talle må du strø etter som det trengst. Desse føresegnene står i *forskrift om hestevelferd* § 20.

Vi tilrår at du tømmer stallen minst én gang i året for å vaske og spyle med høgtrykksspylar.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 12.1.18 Er velferda til hestane teken hand om viss du har driftsformer med utegang og leskur?

Viss du har driftsformer med utegang og leskur, gjeld det egne reglar for korleis du skal sikre god velferd for dyra. Desse reglane er nedfelte i *forskrift om hestevelferd* § 25.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.19 Er det eit godt klima i stallen?

Du må sørge for at temperatur, luftfukt og luftstraumar i stallen din er tilpassa det som er gunstig for trivselen til hestane. Dette kravet er nedfelt i *forskrift om hestevelferd* § 9.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.20 Har stallen førstehjelpsutstyr for hest lett tilgjengelig?

Du må ha førstehjelpsutstyr for hest lett tilgjengeleg i stallen. Reseptpliktige medisinar må du oppbevare i eit avlåst skåp. Desse krava er nedfelte i *forskrift om hestevelferd* § 13.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.21 Er det brannslangar eller nok handsløkkjeapparat i alle bygningar med hestar?

Du må ha brannslangar eller nok handsløkkjeapparat i alle bygningar med hestar. Dette kravet er nedfelt i *forskrift om hestevelferd* § 12.

Har du ein stor stall, tilrår vi at du har fleire handsløkkjeapparat, og at du plasserer dei ved alle inngangar til stallen. Dersom stallen har brannslangar, må dei sjekkast med jamne mellomrom.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.22 Har stallen brannvarslingsanlegg?

Har du ei driftsbygning med meir enn 10 hestar, må du ha brannvarslingsanlegg. Dette kravet er nedfelt i *forskrift om hestevelferd* § 12.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.23 Er rømningsveier åpne?

Du må passe på at rømningsvegar ikkje er sperra, og at dei alltid er tilgjengelege. Den utgangen som hestane vanlegvis bruker og difor er vande med, vil i mange tilfelle vere den mest effektive rømningsvegen. Dersom du ikkje har dispensasjon frå Mattilsynet, skal det vere minst to utgangar dersom du har fleire enn 10 hestar. Utgang nummer to må vere plassert og utforma slik at han er eit reelt alternativ til hovudutgangen. Reglar for rømningsvegar er omtalte i *forskrift om hestevelferd* § 12.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 12.1.24 Blir det gjennomført fagleg kontroll av det elektriske anlegget minimum kvart tredje år?

Den som eig stallen, eller den som har ansvar for stallanlegget, skal sørge for at det blir gjennomført fagleg kontroll av det elektriske anlegget minimum kvart tredje år (jf. *forskrift om hestevelferd* § 12). Dette må du kunne dokumentere skriftleg.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.1.25 Er det laga ein skriftleg risikoanalyse for verksemda?

*Ei enkel risikovurdering kan gjerast i fire trinn:*

1. Finn farekjeldene.
2. Vurder kva som kan skje, og kor sannsynleg det er.
3. Vurder kva de kan gjere for å hindre det.
4. Set i verk tiltak og følg dei opp.

Les meir om risikovurdering og regelverket rundt det i KSL-sjekkliste 2 *Helse, miljø og sikkerhet* og på [arbeidstilsynet.no](http://arbeidstilsynet.no).

#### § Krav

Risikovurdering	Lovkrav
-----------------	---------

### 12.1.26 Finst det oppslag på staden som inneheld rutinar og sikkerheitsreglar?

Ein viktig del av bransjestandarden er å ha oppslag om rutinar og sikkerheitsreglar på staden der hesteaktiviteten går føre seg. Kunder/deltakarar og pårørande må få informasjon om kva risiko aktiviteten har. Dei må også få ein gjennomgang av rutinar og sikkerheitsreglar før aktiviteten begynner.

## 12.2 AKTIVITETAR MED HEST

### 12.2.1 Oppfyller hestehaldaren kravet til kompetanse som er sett i forskrift om hestevelferd, og bransjen sine egne krav?

I lowerket er hestehaldaren definert som den som til kvar tid er ansvarleg for føring og stell av hesten (jf. *forskrift om hestevelferd* § 3).

Kva slags kompetanse hestehaldaren er lovpålagt å ha, er fastsett i *forskrift om hestevelferd* § 5. Paragrafen lyder slik:

«Hesteholder skal ha nødvendig kunnskap om hest. Hesteholder har ansvar for at personell som håndterer og steller hestene, har den nødvendige kompetanse til å gjøre dette på en god måte.»

Bransjestandard Hest set som krav at hestehaldaren må ha hestefagbrev eller tilsvarende kompetanse.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.2.2 Har den som har ansvar for aktiviteten de tilbyr, nødvendig kompetanse?

#### Generelle krav

Som ansvarleg for verksemda har du plikt til å ha system for å dokumentere at tilsette har nødvendig kompetanse, slik at aktiviteten ikkje medfører helserisiko for deltakarane. Vidare har du plikt til å sjå til at deltakarane er skikka til å delta. Du må vurdere alderen, hestekunnskapen, fysikken, helsa og dei praktiske ferdigheitene hos deltakarane opp mot oppgåva som skal utførast.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## Spesielle krav

*Rideskule:* Ridelærarar må som eit minimum ha godkjent ridelærer 1 frå Norsk Hestesenter eller ha tilsvarande utdanning. Realkompetanse kan godkjennast.

*Oppdragskøyring:* Kuskar som tek på seg køyreoppdrag, må ha kuskesertifikat. Ein køyreleiar med kuskesertifikat kan på enkelte oppdrag godkjenne at kuskar utan sertifikat tek del. Køyreleiaren må ha hovudansvaret og vere særleg aktsam.

*Turridding:* Den som er ansvarleg for eller er guide for tur- og fjellriding, skal vere over 18 år og må kunne dokumentere kompetanse tilsvarande den som krevst av ein hestehaldar (sjå punkt 12.2.1). Personen som har ansvaret, må ha førstehjelpskurs og vere god til å bruke kart og kompass og GPS. Personen som er ansvarleg, skal i tillegg ha minst tre års erfaring frå slik verksemd.

*Trening av hest:* Travtrenarar må ha godkjend lisens frå Det Norske Travselskap. Galopptrenarar må ha godkjend lisens frå Norsk Jockeyklub.

*Oppstalling / Utleige av boksar:* Hestehaldaren må ha hestefagbrev eller tilsvarande kompetanse.

## Hest i helsesamanheng

Her finst det mange ulike tilbod, og søker du om godkjenning for eit helserelatert tilbod, må søknaden din vurderast individuelt.

*Ridetilbud for folk med ulike funksjonsnedsetjingar* skal leiast av ein ridelærer. Ridelærarar må som eit minimum ha godkjent ridelærer 1 frå Norsk Hestesenter eller ha tilsvarande utdanning. Realkompetanse kan godkjennast. Inngår det køyring i tilbodet, må den som køyrer, ha kuskesertifikat.

*Terapiriding* (ridefysioterapi) er ein metode innan fysioterapien. Pasienten må ha tilråding frå lege for å delta i eit slikt tilbod. Den ansvarlege fysioterapeuten må ha etterutdanning i terapiriding i regi av Norsk Fysioterapeutforbund. Ridestaden må godkjennast av kommunelege 1.

Tilbyr du terapiriding og riding tilpassa ryttrarar med nedsett funksjonsevne, vil du truleg ha bruk for assistentar/hjelparar i arbeidet. Assistentar må ha hestee erfaring og bør vere over 18 år. Den ansvarlege ridelæraren eller ridefysioterapeuten må sørge for at assistentane får opplæring slik at dei er skikka til oppgåva, både med omsyn til sikkerheit og med omsyn til leieteknikk.

Vi tilrår Hest og Helse sitt kurs *tilrettelagt ridning* viss du tilbyr terapiriding eller riding tilpassa ryttrarar med nedsett funksjonsevne.

*Hesteassistert terapi* for folk med spesielle behov må leiast av helsepersonell som har autorisasjon til å arbeide med den aktuelle pasientgruppa. Når det gjeld hestekompetanse, må personellet som eit minimum ha hestekunnskapseksamen. Personen som har ansvaret for tilbodet, bør også ha etterutdanning i hesteassistert terapi.

*Sosial- eller spesialpedagogisk hesteassistert aktivitet* må leiast av helsepersonell eller ein pedagog som har autorisasjon til å arbeide med den aktuelle brukargruppa. Når det gjeld hestekompetanse, må helsepersonellet/pedagogen dessutan ha hestekunnskapseksamen. Personen som er ansvarleg, må ha etterutdanning i sosial- og spesialpedagogisk hesteassistert pedagogikk. Tilbod der det inngår riding, skal leiast av ein ridelærer med minst godkjent ridelærer 1 frå Norsk Hestesenter eller tilsvarande utdanning. Realkompetanse kan godkjennast. Inngår det køyring i tilbodet, må den som køyrer, ha kuskesertifikat.

*Hesteassisterte fritidsaktivitetar* skal leiast av ein person med kompetanse tilsvarande den som krevst av ein hestehaldar (sjå punkt 12.2.1). Tilbod der det inngår rideopplæring, skal leiast av ein ridelærer. Ridelærarar må som eit minimum ha godkjent ridelærer 1 frå Norsk Hestesenter eller ha tilsvarande utdanning. Realkompetanse kan godkjennast. Inngår det

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



køring i tilbodet, må den som kører, ha kuskertifikat.

### 12.2.3 Blir det brukt sikkerhetsutstyr i samsvar med tilrådingane frå bransjen?

Dei som deltek i ridning, travkøring eller køyreopplæring, skal alltid bruke godkjend hjelm. Når ein rir, skal ein vanlegvis bruke ridestøvlar. I spesielle tilfelle kan ein bruke eigna sko med hæl, men aldri jogglesko eller liknande. Sikkerheitsstigbøylar og utløysar for stigbøylereim må kontrollerast før bruk.

Inngår det køyreaktivitet i tilbodet ditt, gjeld dei same krava som er gjort greie for i kapittel 14 «Sertifikat for kusker i næringsoppdrag» i boka *Sikker og god hestep praksis*.

### 12.2.4 Er utstyret som blir brukt til hestane, kvalitetssikra og godt tilpassa hesten?

Utstyr som grime, hovudlag, sal, sele, dekken og liknande skal vere tilpassa den enkelte hesten, haldast reint og i god stand og oppbevarast på ein eigna plass. Dette kravet er nedfelt i *forskrift om hestevelferd* § 15.

Du må sørge for at utstyr som ikkje er i bruk, ikkje blir oppbevart i lag med bruksutstyret. Utstyr som er defekt, skal merkjast eller oppbevarast åtskilt frå anna utstyr. Slitedelar må sjekkast regelmessig.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.2.5 Er hestane godt eigna til bruksområdet?

*Forskrift om hestevelferd* § 29 stiller ei rekkje krav til hestane. Paragrafen lyder slik:

Har du hestesenter, har du ansvar for at hestane som blir brukte i senteret, er i normalt godt hald, skikka til den bruken dei er tiltenkte, og minst fire år gamle. Kva hesten blir brukt til, skal tilpassast kondisjonen, alderen og opplæringa til hesten. Høgdrektige hopper og hopper med unge føl skal ikkje brukast. Dersom ein hest blir utleigd eller utlånt til ein person som har lita eller inga erfaring i å bruke hesten på den aktuelle måten, skal hesten følgjast av eller vere under tilsyn av ein hestevand og erfaren person tilknytt hestesenteret. Desse krava er nedfelte i *forskrift om hestevelferd* § 29.

Hestar som blir brukte i oppdragskøring, skal vere minst fire år gamle.

#### § Krav

Forskrift om hestevelferd	Lovkrav
---------------------------	---------

### 12.2.6 Blir verksemda di driven i samsvar med aktuelle reglar for produksjon, handtering og servering av mat?

Har du matsal som ikkje er av privat karakter, må du registrere det hos Mattilsynet. Matsal og matservering på messer, festivalar, bondemarknader osv. skal registrerast. Du melder frå om dette ved hjelp av Mattilsynet sine skjematjenester. På kortvarige arrangement som skuleavslutningar og loppemarknader, eller når idrettslaget sel pølser og kaker i berre nokre timar, er det ikkje nødvendig å registrere seg hos Mattilsynet. Kontakt Mattilsynet for å få meir informasjon ([mattilsynet.no](http://mattilsynet.no)). Sjå også *Veileder for sikkerhet ved store arrangementer* ([dsb.no](http://dsb.no)).

### 12.2.7 Blir verksemda di driven i samsvar med aktuelle reglar som gjeld for overnatting?

Det er egne reglar som gjeld for mellombels overnatting. Ta kontakt med kommunen for å få meir informasjon. Sjå også *Veileder for sikkerhet ved store arrangementer* ([dsb.no](http://dsb.no)).

#### § Krav

Veileder for sikkerhet ved store arrangementer	Lovkrav
--	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 12.2.8 Har du inngått oppstillingsavtale med alle oppstallørar/hesteeigarar?

Dette er eit krav som Bransjestandard Hest set. Ta kontakt med Norsk Hestesenter dersom du vil ha døme på malar.

### 12.2.9 Er verksemda di medlem av reisegarantifondet?

For å oppnå dekning via reisegarantifondet krevst det at minst to av dei følgjande tre punkta er oppfylte:

- Reisa skal vere offentleg tilgjengeleg.
- Reisa skal omfatte overnatting.
- Reisa/turen skal vare 24 timar eller meir.

Sjå Reisegarantifondet **rgf.no** for å få meir informasjon

#### § Krav

Reisegarantifondet	Bransjekrav
--------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt